# Herøy vidaregåande skule, avd. Herøy

## Årlig klima- og miljørapport for 2016

Virksomheten sertifiseres etter følgende kriterier:

*Felles kriterier, Videregående skole / folkehøgskole*

# ★ Systemkrav

## Antall elever og ansatte



# Arbeidsmiljø

## Sykefravær i prosent




### Kommentar

Lavaste på fleire år, men likevel noko over målet på 4%.

# Innkjøp

# Antall miljømerkede produkter til egen drift (frivillig å fylle ut)




# Antall leverandører som er miljøsertifiserte (ISO/EMAS, Svanen, Blomsten eller Miljøfyrtårn)



# Andel (%) av innkjøpsvolum (målt i kroner) som er brukt på 3dje part miljømerkede/ miljøsertifiserte varer og tjenester

2015

**13,43 %**

### Kommentar

Skulen bruker innkjøpsavtaler som er forhandla fram av innkjøpsavdelinga i M&R fylkeskommune. Sidan dei også er miljøfyrtårn så går vi utifrå at miljømerking av produkta er teke med i vurderingane.

# Energi

## Energiforbruk



# Energiforbruk pr. kvadratmeter




## Kommentar

Byggemassen til HVS er ikkje vurdert med tanke på energikarakter eller oppvarmingskarakter. Noko vi må sjå på om det er mulig å få til i løpet av 2017.

# Transport

# Flyreiser




# Drivstofforbruk, totalt




## 💬 Kommentar

Både skulen og fylkeshuset bør ha som mål å bruke videomøter meir. Mange fordelar med dette.
Tal på gjennomførte video/webmøter: 8

# ♻ Avfall

## Avfall




## Sorteringsgrad



### Kommentar

Avfall og sortering av dette er avhengig av rutinene til dei virksomheitene som tek seg av avfallet vidare og kva sorteringssystem dei køyrer.

# ★ Vannforbruk

## Vannforbruk




### Kommentar

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk har gratis mottak av papp og papir. Skulen har kjøpt inn papp-presse for å redusere størrelsen på papp.

# Gjennomførte tiltak

**Arbeidsmiljø**
Det meste av arbeidsrom for lærarar, kantine, klasserom og opphaldsrom er no renoverte og ser trivelige ut. Dette er med å skape eit godt inneklima. Eit fortsatt godt arbeid av reinhaldspersonellet er med å skape eit godt arbeidsmiljø i kvardagen. Skulen har eit lavterskeltilbud ved spesialtilpassing til den personlige arbeidsstaden til kvar enkelt. Dei som har komt med ønsker om betre ergonomisk tilpassing har fått dette. Skulen har arrangert samankomst på kveldstid for alle tilsette. Avvik som har blitt registrert har fått oppfølging og det er gjennomført tiltak på desse.

**Innkjøp og materialbruk**
Innkjøp er som nemnt ei sak for innkjøpsavdelinga.

**Avfall**
Skulen har redusert avfallsforbruket på kontainer-avfall som matrial, glass, hardplast o.l. sidan det er mindre renovering enn tidligare år.

**Energi**
Skulen har fortsatt berre elektrisk oppvarming som varmekilde. Men tiltak er gjort for å redusere energiforbruket. Tiltak som å senke temperatur i feriear. Nye vindu med solskjerming er med å skape ein jamnare temperatur og dermed energibruk. Eit større fokus på rett ventilasjonsbruk ved at dører og vindu er igjen og heller køyrer effektive luftingar.

**Transport**
Skulen har lagt til rette for bruk av Elbilarm med 3 merka parkeringsplassar med ladestasjonar. Dette har ført med seg at fleire tilsette har skaffa seg elbilar. Skulen har kjøpt inn 2 åtte-setarar for å kunne frakte mindre grupper for å unngå unødig køyring med mindre personbilar. Pga. lovverk har minibussen fått begrensa bruk. Det er kjøpt inn 2 nye 8-setarar som overtek mykje av bruken av minibussen. Desse er også mykje meir diesel-gjerrige enn minibussen.

**Utslipp til luft og vann**
Vi har ikkje noko utslepp til luft og vatn sidan vi bruker elektrisk oppvarming.

# Handlingsplan

**Miljøpolitikk inkludert HMS mål**
Lokale retningsmål:
Herøy vidaregåande skule skal ha eit godt og sikkert arbeidsmiljø for tilsette og elevar.

Lokale resultatmål for 2017:
- Risikovurderinga skal ferdigstillast i RiskManager.
- HMS-planen for avdelingane skal vere innarbeidd.

**Arbeidsmiljø: Mål, sykefravær**
4 %

**Arbeidsmiljø: Tiltak**
Gjennomføring av førstehjelpskurs i 2016 fekk vi ikkje starta opp, men satsar då på å få dette opp å gå i 2017.

Gjennomføring av modul 1.1 for alle tilsette som bruker farlige maskiner. I MTM-undersøkinga for 2015 var det ein del forbetringspotensiale i forhold til arbeidsmiljø. Dette har blitt tatt tak i, og skal oppfølgast gjennom 2016, og arbeidast vidare med i 2017. I samarbeid med Stamina skal skulen prøve å få i gang nokre tiltak for bevistgjering av eiga helse og korleis betre denne.

**Innkjøp: Mål, miljømerkede produkter eget bruk (frivillig)**
15 produkter

**Innkjøp: Mål, Økologiske varer til egen drift**
10 varer

**Innkjøp: Mål, Miljøsertifiserte leverandører**
35 leverandører

**Innkjøp og materialbruk: Tiltak**
Fylket sine innkjøpsavtaler gjelder vidare. I tillegg skal vi prøve å få ei oversikt i år på produkt som blir kjøpt inn på eige basis. Dette for å kunne samanlikne desse med evt. miljømerka produkt. Vi har ei kantine på skulen, og vi har eit kjøkken til restaurant og matfag. Her skal vi lage ei avtale for å sjå på økologiske varer som eit alternativ til dei ordinære matvarene.

**Energi: Mål**
126 kWh per kvadratmeter

**Energi: Tiltak**
Mange tiltak for reduksjon av energiforbruk har vorte gjort siste åra. Kan ikkje sjå nye tiltak no, men heller tiltak for å bevare dei tiltak som allereie er sette i verk for å halde eit så lavt energiforbruk som mulig.

**Transport: Mål, total mengde drivstoff (frivillig)**
50000 liter

**Transport: Mål, drivstofforbruk pr. mil**
0 liter pr.mil

**Transport: Tiltak**
Få ei betre oversikt på all transport for skulen. Dette må skje med eit betre registreringsskjema for reiser der kvar enkelt på skulen skriv opp gjennomførte reiser som er gjort. Denne lista kan ligge i resepsjonen og eg vil informere og oppfordre til utfylling. Når vi reiser fleire til same målet, f.eks. Molde kan vi samle fleire i åtte-setarane slik at vi reduserer utslipp av CO2.

**Avfall: Mål, Restavfall**
20000 kg

**Avfall: Mål, Kildesortering**
50 %

**Avfall: Tiltak**
Få ei betre oversikt over alt avfall for 2017. Oppfordre til ei betre sortering av avfallet. Gå gjennom avtaler som vi har med henting av avfall for å sjå om vi klarer å få ei betre avtale på mellom anna papir. Slik avtala er no er det berre pressa papp som blir henta som papir, men vi har mykje kopipapir som vi bør få inn i denne avtalen. Vidare må vi bli betre på sortering av avfall som skal i kontainere. Vi har eit forbetringspotensiale på metall som er gratis levering på.

**Utslipp til luft og vann: Tiltak**

Vi har berre elektrisk oppvarming